

Besøksdag på Kvitsund Gymnas tysdag 30. november 2021

Invitasjon til 10. klassingar

Vi vil med dette invitere til praksiskurs/ besøksdag på Kvitsund Gymnas. Denne dagen får de som går i 10. klasse høve til å smake på ein vanleg skuledag på studiespesialiserande utdanningsprogram, samstundes som de får eit innblikk i kva som særpregar Kvitsund Gymnas. De vil få vere med i undervisning, treffe årets elevar, få informasjon om studiespesialiserande utdanningsprogram, sjå på internatrom og høyre om gleder og utfordringar ved å bu på internat.



Kvitsund er ein privat vidaregåande skule plassert i Kviteseid i Telemark. Vi har omlag 135 elevar, og dei fleste av desse bur på skulens internat. Kvitsund er ein skule med eit kristent verdigrunnlag, og eigaren vår er Norsk Luthersk Misjonssamband. Vi tilbyr studiespesialiserande utdanningsprogram.

Program for dagen:

Tysdag	Møt opp ute på skuleplassen kl 08.20. Her vil rådgjevar Åsbjørg Hægeland ta i mot dykk	
Økt 1	08.20 – 09.50	Omvisning og orientering om Kvitsund Samtale om livet på internat Matematikk
	09.50 – 10.10	Fellessamling i matsalen. Andakt og informasjon
Økt 2	10.10 – 11.40	Spansk Psykologi
	11.40 – 12.20	Lunsj. Ta med nistemat. Du får drikke.
Økt 3	12.20 – 13.50	Naturfag Samfunnskunnskap
	14.00	Besøksdagen er slutt.

Påmelding direkte til Kvitsund via rådgjevaren din.

Ta med vanlege skrivesaker og nistemat. Ta kontakt om du lurar på noko!

(Dersom datoen 30. november ikkje passar, så kan du be rådgjevaren din ta kontakt med oss og finne ein annan dag.)

Velkommen!

Med venleg helsing

Åsbjørg Hægeland, rådgjevar Kvitsund Gymnas
ahegeland@kvitsund.vgs.no, tlf 97177684